





Haustrleirar

Fjordly og Teigen



MINNER FOR LIVET!

Tenleir, Fjordly 8.-11. okt

Leirdag, Teigen 1.-4.kl. 16.okt

Minileir Fjordly 4 år-3.kl 29.-31.okt

Tweensleir, Fjordly 4.-7. kl 19.-21.nov

Tweensleir, Teigen 5.-8. kl 26.-28.nov



Velkomen til haustleir!!

Etter ei lang periode utan leirar fekk vi endeleg starte oppatt med leirarbeidet i sommar. Vi fekk gjennomført nokre flotte leirar med lange ventelister. Covid 19 set fortsatt sitt preg både på planlegging og gjennomføring av leir. Men vi håpar og trur at leirhausten kan gjennomførast som planlagt.

Leir er for mange haustens store høgdepunkt, og er med å skape vennskap og minner for livet!

Anten du har vore på leir tidlegare, eller ynskjer å vere med for fyrste gong: DU er VELKOMEN på leir!

For generell info om påmelding o.l. sjekk baksida ☺

Leirstadane våre!

Teigen

Teigen er leirstaden vår som ligg i Eikefjord i Sunnfjord. Uteområdet er prega av vakker natur og mange moglegheiter.

Teigen ligg idyllisk til, heilt i sjøkanten.

Her er robåtar, kanoar og rikeleg med redningsvestar. Vi har og fotballbane, zipline, bål plass og eit aktivitetsrom inne med bordtennis og biljard.

Leir på Teigen kan by på supre opplevingar saman med gode vener og kjekke leiarar. Her blir det spel, fjas og leik, mykje aktivitet, song og Jesusfokus!



Fjordly

Fjordly er leirstaden vår på Bryggja/ Totland i Nordfjord. Fjordly ligg på ein holme i tilknytning til fastlandet, og har eit stort uteområde til både båtliv, fotball, og andre kjekke aktivitetar.

Hovudbygget byr mellom anna på bordtennis, biljard, jakkolo, minicurling, ei koselig peisestove for peiskos og aktivitet, møtesal og matsal der vi får mykje god mat.

Leir på Fjordly er hytteliv, uteliv og inneliv, Jesusliv, rangleliv, flørteliv og mykje, mykje meir!

Vi gler oss til å treffe akkurat deg.



- Blir det leir?

- Kva med smitteverntiltak og antall deltakerar?
- Kva tenkjer Acta SoF om gjennomføring av leirane??

Vi vonar at vi kan gjennomføre leirane som planlagt. Og dersom smittesituasjonen forhold seg stabil, og det ikkje kjem nye førande tiltak så kjører vi på! Vi vil sjølvstøtt forholde oss til alle smittevernreglar som gjeld for tidspunktet for kvar leir.

For å kunne overholde avstandar og kunne gjennomføre på ein god og trygg måte vil vi ha noko begrensa kapasitet på leirane. Det betyr at det er 40 deltakarplassar på Fjordly og 20 på Teigen. Det gjeld derfor å vere tidleg ute med påmelding.

Per i dag tenkjer vi at det er gode moglegheiter for at det blir leir, vi vil sjølvstøtt halde dei som er påmeldt løpande orientert i tilfelle endringar!





Leirmeny haust 2021



Tenleir, Fjordly 8.-11. oktober

Aldersgruppe: For deg som går på ungdomsskule eller vgs! Pris: 1 050,-

Det blir god forkynning, lovsong, leik og spel, underhaldning, seminar, spørretime, båtliv og (is-)bading, møte med nye og gamle vener, god mat og mykje moro både seint og tidleg! Bli med då vell!



Leirdag, Teigen, 16.oktober

Aldersgruppe: 1.-4.klasse. (med følgje for dei to yngste alderskulla)

Pris: 300 for barn, 350 for vaksen.

Lurer du på kva det vil sei å vere på leir? Laurdag 16.oktober tilbyr vi ein leirdag for deg som går i 1.-4. klasse. Dagen skal fylles med vanlege «leiraktivitetar», som bibeltime, båtliv, uteaktivitetar, felles måltid, leik og moro. Tidsramma er kl 11.00 – 19.00. Bli med på haustens «smak av leir»!

Minileir, Fjordly 29.-31.oktober

Aldersgruppe: 4 år-3.kl m.følgje

Pris: 750 for barn, 900 for vaksen

Endeleg er det klart for minileir igjen! Dette er leir for dei aller minste, og derfor må ein ha med følgje. Men sjølvsagt kan «eitt følgje» ha med fleire born.

Det blir lagt opp til god undervisning, kjekke aktivitetar og songar, spel og leik. God mat og godt fellesskap for både små og store!



Tweensleir, Fjordly, 19.-21.november

Aldersgruppe: 4.-7.klasse. Pris: 775,-

Også denne hausten satsar vi på å arrangere «tidenes tweensleir».

Vi gler oss til å samlast til fellesskap med leik og moro, bibeltimar, sport og spel, bålkos, uteaktivitet, god mat og mykje meir! Ta med deg ein venn eller fem og bli med på ei helg full av aktivitet og godt fellesskap! Vi gler oss!



Tweensleir, Teigen, 26.-28.november

Aldersgruppe: 5.-8.klasse. Pris: 775,-

Tweensleir på Teigen betyr: Godt fellesskap, kjekke bibeltimar, sang og leik. Spelestunder i peisestova, eller kanskje du vil vere med på biljard- og bordtennisturnering i kjellaren? Det blir mat og uteaktivitet, møter og underholdningskveld, seine kveldar og tidlege morgonar! Vi er klar, er du?

Leiren blir avslutta med «storsamling» for heile familien. (sjå under for informasjon om storsamlingar)


Storsamlingar hausten 2021!

«Storsamling» er Acta og Normisjon sitt konsept for å samle heile «storfamilien» til kristent fellesskap. Her er ALLE velkomne uansett alder. I samarbeid med leirplassane våre ynskjer vi velkommen til ein dag med felles måltid, forkynning for store og små, aktivitetar og tid for «god drøs». Vi startar samlinga med felles middag før vi har ei pause med kaffi og leik. Så blir det møte med ein felles del og aldersinndelt forkynning. Vi avsluttar ettermiddagen med eit felles måltid. Følg med på nettsiden eller facebook for meir info om påmelding o.l.

Fjordly: Søndag 19.sept. og 14.nov.

Teigen: Søndag 28. nov.





Kva er leir i Acta?

Å vere på leir er noko heilt spesielt! Ei helg med fokus på fellesskap, der vi et, søv, syng, leikar og lærer SAMAN! Her kan du vere deg sjølv, og vi ynskjer at alle skal bli sett for den dei er, både av små og store. Her får du moglegheita til å bli kjent med nye menneske og med Jesus. Det er uteliv, inneliv, hytteliv, sjølv og liv i leiren frå tidleg til seint! Bli med då vel!!

Nyttig informasjon

Cirka ei veke før leirstart vil du motta eit informasjonsbrev per mail. Her vil du få info om pakkliste, og om kva du kan legge att heime. Her finn du og tidspunkt for oppstart og avslutning, og litt om programmet

Prisen for den enkelte leiren står inne i denne brosjyra. Leirprisen inkluderer medlemskap i leirklubben til Acta Sogn og Fjordane (gjeld leiar på Fjordly og Teigen). Ved å melde deg inn i **leirklubben** får du 50 kr i rabatt på seinare leirar same år. Prisen for medlemskapet er 50,- og medlemskapet har ingen forpliktelsar. Dersom du ikkje ynskjer å bli medlem aukar leirprisen med 50 kr, og kostar dermed tilsvarende summen som er oppgjeve i brosjyra.

Bildereservasjon

Deltakerar på leir vil kunne bli avbilda til promotering av Acta sitt arbeid. Det er mogleg å reservere seg mot dette ved påmelding.

Smittevern

Som nemnt inne i brosjyra vil vi sjølvsagt til ei kvar tid følgje gjeldande reglar for smittevern. Dette vil omhandle både kor mange vi kan samle, og på kva måte vi får gjennomføre leiren på ein best mogleg måte. Har du fleire spørsmål rundt dette som du ikkje fekk svar på inne i brosjyra, så ta gjerne kontakt på mail acta.sof@normisjon.no, eller via tlf 92 04 63 49 (telefonid ons, torsd. frå 10-15.

Påmelding

Du kan melde deg på til våre leirar via nettsidene normisjon.no/sof Her finn du påmelding til leir i eiga fane i menyen! Du kan og sende ein mail eller ringe oss. Ta gjerne kontakt dersom du ikkje har fått respons på påmeldinga innan ei veke.

Påmeldingsfristen er ei veke før leirstart. Etter fristen vil deltakaravgifta auke med 100,-.

Så,- meld deg på tidleg!

Dersom smittevernreglane tilseier at vi ikkje kan ha full leir, men må redusere antall deltakerar så blir det følgeleg dei fyrste som meldte seg på som får plass på leiren.

Leirstøtte

Av ulike årsaker har ikkje alle familiar råd til å reise på leir. Acta har i den anledning eit leirstøttefond ein kan søke om støtte til dekking av leiravgift. Meir informasjon om dette kan du få ved å kontakte Actaleiar i regionen på mail stine.hopland@normisjon.no

Leiar på leir?

Har du lyst å vere leiar på leir? Ta gjerne kontakt!

Vi har stadig behov for nye leirleiarar. Særskilt har vi behov for vaksne leiarar som ynskjer å vere med å bidra til gode leiropplevingar for born! Vi oppfordrar dermed deg mellom 18 og 90 år til å melde deg som leiar. Bli med – å bringe Jesus til nye generasjonar☺

Ytterlegare informasjon om leirane våre vil kome på nettsida til Normisjon Sogn og Fjordane og Acta.no Du vil og finne oss på facebook, Acta/ Normisjon Sogn og Fjordane



acta™
barn og unge
i normisjon

